



MØTEINNKALLING

Utval: Naturutvalet
Møtedato: 13.10.2020
Møtetid: Kl. 15:00
Møtestad: Biblioteket på Bjørkheim

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Karl Bård Kollbotn

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
018/2020	20/832	Faste saker	
019/2020	18/1011	Vedtak av Kommunal planstrategi 2020-2023	
020/2020	19/731	Moglegheitsstudium Bjørkheim - innhald og føremål	
021/2020	18/554	Vedtak av kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerede vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 20/832	Løpenr: 20/8743
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	13.10.2020	018/2020

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.
Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
Delegerte vedtak/referatsaker.
Utvalet sitt kvarter.

Informasjon og referatsaker:

- Forvaltning – påkopling VA
- Badevika – Teigavika
- Akvakulturplan – oppstart
- Arbeidstilsynet – asbestdokumentasjon
- Gangveg Hagabotnane
- Vegnummerering
- Klimarekneskap
- Akutt forureining
- Vassforskrifta
- Oppfølging - sikring av gamle hus



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FE-140, TI-&30
Arkivsaksnr: 18/1011	Løpenr: 20/8341
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	13.10.2020	019/2020
Kommunestyret		

Vedtak av Kommunal planstrategi 2020-2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §10-1 vert Kommunal planstrategi 2020 – 2023, dagsett 28.09.2020, for Samnanger kommune vedteken.

Dokument som er vedlagt:

Kommunal planstrategi 2020-2023_Raud markering
Folkehelseoversikt 2019-2023 (kortversjon)
Samnanger kommune Vestland - Høyring av kommunal planstrategi 2020-2023 - uttale
Fråsegn til høyring av kommunal planstrategi 2020-2023 for Samnanger kommune
Revidert høyringsuttale 16.04.2020
Tillegg til høyringsuttale re skilting til bibliotek 16.04.2020
Kommunal planstrategi for 2020 rev. 1
Uttale - Kommunal planstrategi 2020 - 2023 for Samnanger kommune - Høyring før vedtak i kommunestyret
Fråsegn - Samnanger kommune - kommunal planstrategi 2020 - 2023
NVE si fråsegn - Høyring av Kommunal planstrategi 2020-2023 - Samnanger kommune

Kva saka gjeld:

Planstrategien vart handsama av naturutvalet og kommunestyret i februar og mars 2020, og deretter lagt ut til offentleg ettersyn i 30 dagar. Det kom inn 7 innspel, og desse har danna grunnlag for ein del justeringar og suppleringar i strategidokumentet. Planstrategien er no gjort offentleg i 30 dagar, og vert gjennom dette saksframlegget handsama på nytt av naturutvalet og kommunestyret.

Vurderingar og konsekvensar:

Vedtaket om offentleg ettersyn i kommunestyret inkluderte følgjande punkt, som tillegg til rådmannen og naturutvalet sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjort følgjande endringar i forhold til naturutvalet si tilråding:

- *Det bør takast inn i samfunnsdelen ei målsetting om ein befolkningsvekst på 3 %.*
- *Trafikksikringsplanen må inn som eige punkt i planprogrammet.*
- *Bustadsosial handlingsplan skal vera ein del av samfunnsdelen i kommuneplanen*
- *Arbeidet med arealdelen i kommuneplanen skal startast opp parallelt med samfunnsdelen. Fokuset skal då vera spesielt på dei områda som vert arbeidde med i samfunnsdelen.*

Dei tre første punkta tek me med vidare til utforminga av planprogrammet til kommuneplanens samfunnsdel. Det siste punktet er det ikkje mogleg for administrasjonen å følgja opp, gitt dei ressursane teknisk forvaltning og kommuneadministrasjonen elles til ei kvar tid rår over. I ein liten kommune som Samnanger er det umogleg å ha interne ressursar tilgengelig som står klare for å ta hand om to så store planprosessar på ein gong. Kommuneplanens arealdel vart ved førre rullering utarbeidd utelukkande med eigne ressursar. Dette er enormt ressurskrevjande, og planleggjaren får i periodar ikkje høve til å utføra vanleg sakshandsaming, samt at prosessen tek svært lang tid. Sjølv om ein hadde sett vekk arbeidet med ein av planane til eksterne konsulentar, er det likevel eit monaleg sakshandsamings- og koordineringsarbeid internt, for å følgja opp konsulentane. Administrasjonen rår til at det vert gjort eit nytt vedtak om å prioritera samfunnsdelen først, og deretter starta opp arealdelen så snart endeleg vedtak er gjort.

INNSPELSHANDSAMING

I planstrategidokumentet er det gjort endringar og suppleringar, som skildra nedanfor. I sjølve dokumentet (vedlagt) er endringane markerte med **raud tekst**.

Samnanger FRP har spelt inn mange gode tankar til bruk i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. Innspela om ulike detaljplanar og andre problemstillingar rår me til at FRP sine representantar innarbeider i eit framlegg til vedtak i naturutvalsmøtet. Det er ikkje primært dei politiske partia som skal koma med innspel ved offentleg ettersyn av planar og planstrategiar. Deira arbeid føregår i interne gruppemøte og vert lagt fram som innspel og framlegg til vedtak i dei politiske utvalsmøta.

Vestland fylkeskommune (VLFK) meiner Samnanger kommune har laga ei god og oversiktleg planstrategi som vil kunne fungera godt etter hensikta si, og den dekker i hovudsak dei tema som er naturleg å gjera greie for i denne samanhengen.

VLFK kjem med ei rekkje generelle innspel på tema kulturminne, samordna areal og transport, folkehelse/universell utforming, nærings- og senterutvikling og jordvern. Alle innspela kan takast med vidare i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. I tillegg til dei generelle innspela rådar VLFK Samnanger til å utarbeida ein eigen plan for universell utforming. Administrasjonen rår til at me først utarbeider kommuneplanens samfunnsdel, som også inkluderer temaet universell utforming, og deretter vurderer om det er behov for ein eigen plan for universell utforming gjennom neste planstrategi om tre år.

Innspel frå Fylkesmannen

Ei rekkje innspel på tema som kunne ha vore breiare utgreidd og omtala. Etter administrasjonen sitt syn høyrer mykje av det heime i planprogramma til kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel. Her følgjer nokre viktige punkt fylkesmannen har merkandar til, og som me har gjort endringar og suppleringar på i planstrategidokumentet:

- *Fylkesmannen saknar særleg drøftingar knytt til strategiske val, noko som er eit vesentleg element i ein kommunal planstrategi.*
 - Ein utfyllande tekst er lagt til i starten av kapittel 7:

For Samnanger er det viktig å få til ei effektiv planlegging gjennom kommunestyreperioden. Det har tidlegare vore ei utfordring å få til ein 4-årssyklus for planarbeidet med planstrategi, kommunen sin samfunnsplan og arealplan. Målet for komande folkevaltperiode er å få til dette utan at det skal gå på bekostning av eit godt samspel med private lokale interesser, med statlege

og fylkeskommunale organ.

For å få til ei god samfunnsutvikling næraste åra er det særskilt behov for å vidareutvikle område som er sett av til bustad- og næringsområde i arealplanen. For å stimulera til medverking og framtidig utvikling vert det viktig å få gjennomført samfunnsdelen og revisjon av områdeplanen på Bjørkheim komande år. Regulering av nye bustadområde kan skje i kommunalt initiativ eller i regi av utbyggjarar. Ei utfordring er kommunen sin stramme økonomi der tiltaka i planane må tilpassast handlingsrommet for kva som kan verta realisert. Målet er å få til rett plan til rett tid samtidig som ein får til gode prosessar og brei medverknad.

- *Fylkesmannen saknar ei konkret vurdering av korleis gjeldande kommuneplan har fungert som politisk og administrativt styringsverktøy.*
 - Ein meir utfyllande tekst er lagt til under punktet om kommuneplanens arealdel i kapittel 6.1:

Arealplanen har fungert godt som styringsverktøy for etablering av nye bustader i sentrale område, til beste for m.a. både klima og folkehelse. LNF-spreiddområda fungerer også bra til å styra plasseringa av enkelthus i grendene. Me har få førespurnader om frådelingar og bygging av bustadhus utanom LNF-spreiddområda.

I etablerte bustadområde der arealføremålet bustadområde går heilt til sjø, men med byggjegrænse eit stykke ovanfor, er svært forvirrande for publikum. Dette bør ved neste rullering endrast til LNF nedom byggjegrænse, for å ikkje skapa byggjeforventning på stader der bygging ikkje er tillete. Vidare er det i sentrale strøk ein del naust og ubygde nausttomter som ligg innanfor desse nemnde bustadområda, dette gjer det svært vanskeleg for administrasjon og politikarar å stå i mot utbyggingspresset på strandsona. For dei områda som er sette av til naustføremål, men med krav om reguleringsplan, ser me at det ikkje vert starta opp reguleringsplan. Det ligg inne for få nausteiningar i kvart område til at det svarar seg å laga reguleringsplan. Dette fører så til eit ynskje om dispensasjon frå reguleringsplankravet.

Det er hausta svært gode erfaringar med føresegna som gjev høve til å byggja mindre tiltak på bustadtomter i LNF-område, utan å søkja om dispensasjon. Dette frigjer mykje kapasitet hos byggjesakshandsamar. Ved neste rullering av arealplanen bør me utgreia om dette er ei føresegn som også kan høva å bruka på fritidsbustadtomter.

Før neste rullering av arealplanen bør me få ta del i NVE si pågåande skredfarekartlegging. Dei aktsemdområda som ligg føre er basert på svært grove høgdekart, og er ikkje treffsikre nok. Det fører ikkje berre til ekstrakostnader til geologvurdering for utbyggjarar, men ein kan også risikera at små, lokale skredfareområde ikkje er fanga opp. Risiko er sjølvstakt avklart innanfor nye byggjeområde, men i gamle byggjeområde, der det framleis ligg resttomter er dette ikkje nødvendigvis avklart.

Føresegnene om byggjegrænser langs vassdrag ser ut til å fungera etter intensjonen, som er å verna bygningar og andre nye tiltak mot flaum og skred langs vassdraga, og for å ta vare på naturverdiane knytt til vassdraga og kantvegetasjonen.

- *Fylkesmannen har tilbakemeldingar på at dei meiner den kommunale planstrategien framstiller oppdatering av overordna ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse) og beredskapsplanen på ein feil måte, og at der er ei feil kopling mellom desse og ROS-analysen i kommuneplanens arealdel.*
 - Dette baserer seg på ei misforståing, med grunn i ein noko utydeleg tekst frå kommunen si side. Me har no presisert teksten for å fjerna grunnlaget for misforståinga. Det er også lagt til meir tekst under ei ny overskrift; Samfunnstryggleik i kapittel 6.1, der det går tydeleg fram kva oppdateringsreglar som gjeld:

Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse er ikkje eigentleg ein plan, men arbeidsprosessen liknar mykje på ein planprosess, og det er også høve til å utarbeida analysen som ein kommunedelplan, jf. Rundskriv H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling.

Gjeldande overordna analyse vart vedteken i 2019. Det er laga ein gjennomføringsplan for oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit i kommunen. Tiltaka skal vera utførte innan utgangen av 2020.

I tråd med lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret med tilhøyrande forskrift om kommunal beredskapsplikt, skal den heilskaplege ROS-analysen reviderast minimum kvart fjerde år, medan den overordna beredskapsplanen skal reviderast årleg. Tilsvarende skal òg andre krav til kommunane sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid i høve sektorlovgevinga følgjast opp, t.d. innan brann og redning, helse og omsorg, HMS m.v.

I tråd med Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing skal «kommunal og regional planstrategi omtale behovet for oppdatering av eksisterende eller utarbeiding av nye planer, i lys av forventede klimaendringar og tidlige uønskede naturhendelser.»

Samnanger sin klima- og energiplan er frå 2010, og denne har behov for revisjon. Planen er vinkla mot energibruk og samfunnet sin klimapåverknad, ikkje klimaendringane sin påverknad på samfunnet. [Klimaprofil for Hordaland](#) har følgjande oppsummering av venta klimaendringar:

- **Nedbør og flaum:** det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekomst. Dette vil også føre til meir overvatn. Det er venta fleire og større regnflaumar.
- **Stormflo:** som følgje av havnivåstiging er det venta auke i stormflonivåa.
- **Skred:** faren for jord-, flaum- og sørpeskred aukar som følgje av auka nedbørmengder. Med eit varmare og våtare klima vil snøgr ensa bli høgare, og regn vil oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred, og auke faren for våtsnøskred i skredutsette område. Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg.

Klimaplanen bør ved revidering vinklast med eit større fokus på klimarisiko og -tilpassing, då dette er fråverande i dagens plan. Det er i dag berre den overordna ROS-analysen som omhandlar desse temaa, og til ei viss grad arealplanen. NVE har spelt inn at me bør vurdera behovet for ein overordna temaplan for overvatn. Dette kunne ein eventuelt ha integrert i ein klima(tilpassings)plan.

- *Fylkesmannen nemner at sosial bustadutvikling og bustadsosialt arbeid som sosialt utjamnande tiltak bør forankrast i det vidare planarbeidet.*
 - Dette høver bra med kommunestyret sitt vedtak; *Bustadsosial handlingsplan skal vera ein del av samfunnsdelen i kommuneplanen».*
- e. *Det vert etterlyst ei nærare og meir detaljert skildring av korleis kommunen har lagt til rette for at barn og unge skal kunne få fram sine synspunkt, ønskje, behov og bli inkluderte på sine eigne premisar.*
 - Meir utfyllande tekst lagt til under avsnittet om kommuneplanens samfunnsdel:

Planprosessen for ny samfunnsdel til kommuneplanen vert eit godt høve til implementera den nye rettleiaren frå kommunal- og moderniseringsdepartementet «[Veileder om barn og unge i plan og byggesak](#)» i eining for samfunnsutvikling. Samnanger kommune har eit aktivt ungdomsråd, og ein barn- og unge sin representant i administrasjonen, men gjennom samfunnsplanprosessen vert det behov for å involvera barn og unge i bygda meir direkte inn i planprosessen. Erfaringane frå dette vil me bruka til å bli enda betre på å involvera den unge befolkninga i kommunen i alle planprosessar.

Frå den nemnde rettleiaren (s. 7-8) kan me trekkja fram følgjande sitat om kvifor det er så viktig at barn og unge får ta del i planlegginga av samfunnet som dei er ein del av: «*God og gjennomtenkt planlegging er grunnleggjende for at barn får trygge oppvekstvilkår og et godt utgangspunkt for god helse. Det må være enkelt og trygt å gå og sykle til skole, venner og fritidsaktiviteter, og det må finnes områder for fysisk utfoldelse. Det innebærer blant annet å legge til rette for gode og trygge møteplasser og aktivitetsfremmende omgivelser som gir varierte muligheter for sosialt samvær, lek og utfoldelse. Det må finnes arealer og steder der ulike aldersgrupper kan oppholde seg og utfolde seg. (...) Medvirkning fra barn og unge er en kilde til ideer og forslag som kan gjøre stedet mer spennende og attraktivt og mer tilpasset deres ønsker og behov. Aktiv deltakelse i samfunnsplanlegging og stedsutviklingsprosesser kan også bidra til at ungdommen får en mer positiv holdning til stedet og større lyst til å bo der i fremtiden.*»

- f. *Fylkesmannen meiner at planstrategien bør leggja til grunn at kunnskap om naturverdiar og landbruksverdiar skal haldast oppdatert og supplerast med nykartleggingar, for å kunna gje grunnlag for berekraftig økologisk utvikling.*

- *Me har teke inn ein tekst om dette under punktet Langsiktig arealbruk i kapittel 6.1:*

For å styra den langsiktige arealbruken ved neste rullering på ein enda betre måte, vil det vera eit godt grep å oppdatere kunnskapen og informasjonen me har om miljø- og landbruksverdiene i kommunen. Dette inkluderer t.d. dyrka mark, naturtypelokalitetar, raudlistearter, vassdrag med kantvegetasjonsbelte, funksjonell strandsone m.m.

NVE har eit generelt innspel om å ta omsyn tilsamfunnstryggleik, klimaendringar, naturfare og overvasshandtering i planstrategi og påfølgjande planarbeid, og refererer til ulike rettleiarar på området. Vidare bør kommunen vurdere trongen for å utarbeida ein overordna plan for overvasshandtering.

Me har supplert planstrategidokumentet med eit nytt avsnitt om samfunnstryggleik (sjå teksten referert under fylkesmannen sin uttale), og vurderer at ein plan for overvatn kan inngå som ein del av klimaplanen. Nærare vurderingar vil bli gjort i samband med oppstart av den.

Statens vegvesen ser positivt på at trafikksikringsplanen ligg inne som eige punkt i planstrategien. Denne vil danna grunnlag for vidare utvikling av Samnanger kommune som eit trygt bustad-, arbeids- og oppvekstområde. Ved rullering av kommuneplanens arealdel er det viktig å få samla bustadområde, skule og fritidsaktivitetar.

Me tek uttalen til orientering.

Fiskeridirektoratet ser positivt på at kommunen vil føreta revisjon av arealbruk i sjøområda. Dei gjer merksame på at ved sida av akvakultur er det også fiskeriinteresser i Samangerfjorden, og Fiskeridirektoratet vil ha fokus på at desse interessene vert tekne vare på i planprosessen.

Me tek uttalen til orientering, og med oss vidare i arbeidet med kommunedelplan for akvakultur.

Samnanger næringsforum har mange gode innspel direkte til arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel, kommuneplanens arealdel, trafikksikringsplan, områdeplan for Bjørkheimsområdet og kommunedelplan for akvakultur.

Me tek innspela med oss vidare i dei nemnde planprosessane.

Kommunepsykologen og einingsleiar Helse har spelt inn ei skildring av behovet for ein handlingsplan for førebygging av sjølvskading og sjølv mord. Handlingsplanen låg allereie inne i tabellen til eining for helse, og den innsendte skildringa er teke inn som eit avsnitt under kapittelet for Eining for helse.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FA-L12
Arkivsaksnr: 19/731	Løpenr: 20/8592
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	13.10.2020	020/2020

Moglegheitsstudium Bjørkheim - innhald og føremål Områdeplan for Bjørkheimsområdet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Moglegheitsstudiet for Bjørkheim har som føremål å danna grunnlag for å svara på følgjande problemstillingar:

- Korleis kan Bjørkheim bli ein fantastisk stad å bu, for alle slags folk i alle aldrar?
- Korleis kan Bjørkheim bli ein attraktiv stad å driva næring?
- Kva er moglegheitene for kommunen si tomt nede ved Grunnvågen, og korleis kan den vera med å bidra til attraktiviteten til Bjørkheim?

Det må særleg setjast fokus på kva som er samanhengane i området:

- Gåande og syklande i samspel med bilar og tungtransport.
- Estetiske grep for å føra folk «den rette vegen», med tanke på tryggleik og for å finna fram.
- Estetiske grep for å gjera fellesareal og offentlege areal attraktive for opphald.
- Finna beste lokalisering av offentleg toalett, bubilparkering, bubiltoalett-tøming.
- Utvikling av kommunen si tomt F/K/T1 må plasserast inn i ein samheng med torg, park, småbåthamn, parkering på o_PP1 og eksisterande strandline/naturkvalitetar.

Kva saka gjeld:

Det er i budsjettet for 2020 løyvd 250 000 kr til eit moglegheitsstudium for å realisera Bjørkheim sitt potensial. Før administrasjonen kan gå i gang med å bestilla arbeidet må det klargjerast kva innhaldet i studiet skal vera og kva føremål det har.

Administrasjonen tek utgangspunkt i at moglegheitsstudiet skal vera ein del av planprosessen for revisjon av områderuleringsplanen. Ein kan likevel sjå for seg at ein del av resultatata frå studiet kan gjennomførast utan planendringar.



Figur 1. Satellittfoto av Bjørkheim frå Google Maps. Dette er det nyaste biletet som er å finna, men det manglar «Kamille»-bygget og ein del nye bustader på sørsida.

Vurderingar og konsekvensar:

Det kan setjast opp nokre overordna spørsmål som syner kva det er ein vil med moglegheitsstudiet for Bjørkheim:

- Korleis kan Bjørkheim bli ein fantastisk stad å bu, for alle slags folk i alle aldrar?
- Korleis kan Bjørkheim bli ein attraktiv stad å driva næring?
- Kva er moglegheitene for kommunen si tomt nede ved Grunnavaågen, og korleis kan den vera med å bidra til attraktiviteten til Bjørkheim?

Vidare meiner administrasjonen at nokre utvalde tema skal setja rammene for å nærma seg eit svar på dei overordna spørsmåla. Det må særleg setjast fokus på kva som er samanhengane i området:

- Gåande og syklande i samspel med bilar og tungtransport.
- Estetiske grep for å føra folk «den rette vegen», med tanke på tryggleik og for å finna fram i eit avklart, ryddig og estetisk sentrum.
- Estetiske grep for å gjera fellesareal og offentlege areal attraktive for opphald.
- Finna beste lokalisering av offentlig toalett, bubilparkering, bubiltoalett-tøming.
- Utvikling av kommunen si tomt F/K/T1 må plasserast inn i ein samheng med torg, park, småbåthamn, parkering på o_PP1 og eksisterande strandline/naturkvalitetar.

Hovudgrep for gåande og syklande

Det må vera enkelt å gå, sykla og ta kollektivtransport til Bjørkheim, og det må vera trygt og oversiktleg å ferdast inne i sentrum. Moglegheitsstudiet bør kasta lys over desse samanhengane, og koma med framlegg til å sikra eit avklart, ryddig og estetisk sentrum.

Estetikk på dei offentlege/felles areala

Moglegheitsstudiet kan innehalda ein analyse av aktuelle estetiske grep som kan gjennomførast utan planendring. Det kan vera beplantning, lyssetting, skilting, benkar, fjerning av autovern og kva moglegheiter det gjev for det friggjorte arealet langs vegen, m.m.

Offentleg toalett

Bjørkheim treng eit offentleg toalett og me må finna den beste plasseringa, der ein balanserer tilgjengelegheit, synlegheit, estetikk, nærleik til offentleg VA-nett m.m.

Bubilparkering og tømning av toalett

Administrasjonen meiner at det ikkje er optimalt å nytta arealet nede ved båthamna til bubilparkering. I gjeldande reguleringsplan er dette arealet avsett til park og gang- og opphaldsareal, og vegen ned dit er regulert til gangveg. Parkering av campingbil/-vogn er i strid med planføremålet. Administrasjonen meiner at moglegheitsstudiet må innehalda ein analyse av alternativ plassering av bubilparkering i Bjørkheimsområdet. Det må også avklarast om tømearlegg for bubiltoalett kan lokaliserast i Bjørkheimsområdet.


F/K/T1 «Fleirbrukshall-tomta», gjestehamn (SH1) park (P1)

Kva er moglegheitene for kommunen si tomt nede ved Grunnvågen, og korleis kan den vera med å bidra til attraktiviteten til Bjørkheim? Utvikling av kommunen si tomt F/K/T1 må plasserast inn i ein samanheng med torg, park, småbåthamn og eksisterande strandline/naturkvalitetar. Dersom ein skal endra på utforminga av F/K/T1 bør også gjestehamna plasserast på nytt.

Størstedelen av arealet som er regulert til park P1 og gangareal (G1) er ei grusa flate (sjå satelittbilete under) – korleis vil me tilretteleggja dette som eit attraktivt opphaldsareal ved fjorden?

Parkering

Korleis er parkeringssituasjonen for eksisterande verksemder og funksjonar? Den offentlege parkeringsplassen o_PP1 (sjå kart under) er ikkje etablert. Her kan det vera mogleg å tilpassa eit parkeringshus inn i skråninga mot fylkesvegen. Vil det vera eit godt grep for Bjørkheim? Dette må i så fall passast saman med gangveg frå Bjørkheim til Bjelkavika.



Figur 2. Utsnitt av plankartet rundt torg, park, gjestehamn og kommunen si ubygde tomt F/K/T1.



Figur 3. Satellittfoto frå Google Maps rundt torg, park, gjestehamn og kommunen si ubygde tomt F/K/T1.

Avslutning

Kostnadsramma er 250 000 kr, og administrasjonen må i dialog med innleigd konsulent avklara kor mange problemstillingar det er mogleg å gå inn i, for denne summen. Alle problemstillingane er relevante for planprosessen for omregulering, og dei som ikkje blir avklarte gjennom moglegheitsstudiet vil ein prøva å svara på gjennom sjølve planprosessen.

Dei grepa som moglegheitsstudiet legg fram som gode løysingar vil både kunna vera ting som kan gjennomførast straks, og større grep som må jobbast vidare med gjennom utarbeiding av plankart og føresegner.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FA-Q10
Arkivsaksnr: 18/554	Løpenr: 20/7148
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	13.10.2020	021/2020
Kommunestyret		

Vedtak av kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 11-1 tredje ledd og 11-15 vert det gjort endeleg vedtak av kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet, PlanID 1242201701. Planen består av føresegner og retningslinjer, plankart og planomtale, for strekninga Eikedalen (E3) til Kletten (B1). Planen er utarbeidd av Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune.

Dokument som er vedlagt:

Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet. Oversending av kommunedelplan for politisk handsaming
Kommunedelplan Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet.pdf
Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet. Føresegner og plankart Samnanger kommune.pdf

Kva saka gjeld:

Det er utarbeidd kommunedelplan (KDP) med konsekvensutgreiing (KU) for fylkesveg 49 mellom Steinsdalen i Kvam herad og Eikedalen i Samnanger kommune. Kommunedelplanen gjeld sikring mot skred av strekninga forbi Tokagjelet i Kvam herad.

Statens vegvesen stod for utarbeiding av planforslaget, og la forslag til kommunedelplan ut til offentleg ettersyn og høyring i perioden 7. oktober til 23. november 2019. Høyringsfristen vart forlenga til 19. januar 2020. I løpet av høyringsperioden kom det inn 31 merknader, og desse er å finna i planomtalen. I planomtalen kjem det òg fram kva vurderingar og endringar som er gjort etter høyringsperioden. Vestland fylkeskommune overtok arbeidet med kommunedelplanen frå 01.01.2020, og stod for handsaming av innkomne merknader og ferdigstilling av kommunedelplanen.

Etter høyring er det arbeidd vidare med to aktuelle alternativ. Dette er:

- B1 Kletten – E1 Kleven
- B1 Kletten – E3 Eikedalen

Det er i planomtalen gitt ei nærare vurdering av desse to alternativa, og grunngjeving for tilråding av alternativ B1 Kletten – E3 Eikedalen. Tilrådd alternativ er kostnadsrekna til 1,9 – 3,1 mrd. Kr, med

25% usikkerhetsmargin.

Vestland fylkeskommune har no oversendt kommunedelplanen til Kvam herad og Samnanger kommune for politisk handsaming og endeleg vedtak. Fylkeskommunen hadde ein presentasjon av endeleg framlegg til plan i kommunestyret sitt møte den 11. juni 2020. Kvam herad har i løpet av september 2020 handsama saka i miljø-, plan- og bygningsutvalet, formannskapet og i heradsstyret, og dei har vedteke det tilrådde Eikedalsalternativet. Det fører til at også Samnanger skal handsama kommunedelplanen, med mogleg endeleg vedtak.

Det er etter høyring gjort nokre mindre endringar i alternativa Kletten B1 (i Kvam) og Eikedalen E3 (i Kvam og Samnanger):

Kletten B1

Påhogsområdet må leggest litt lenger vest enn vist på tidlegare teikning. Dette for å få god nok fjelloverdekking over tunnelen. Endringa medfører også litt omlegging av lokalvegen for å få plass til å legge denne over portalen til ny tunnel. Endringa medfører om lag 100 m kortare tunnel enn opphavleg løysing, både til E1 Kleven og E3 Eikedalen. Endeleg plassering av påhogg må fastsettast i reguleringsplanfasen.

Eikedalen E3

Påhogsområdet må flyttast til om lag 150 – 250 m nord for Teigabergtunnelen for å unngå å gå inn i eit område med mektige lausmassar. Påhoggsalternativet vil då kunna gå rett inn i bergveggen som er om lag 200 m høg. Det vil bli behov for reinsk av fjellveggen og sikring i anleggsperioden. Tunnelportal vil gje permanent sikring av veggen mot nedfall av stein. Endring av plassering av tunnelpåhogg vil gje om lag 200 m kortare tunnel mellom B1 Kletten og E3 Eikedalen enn opphavelig påhogg. Endeleg plassering av påhogg må fastsettast i reguleringsplanfasen.

Planomtalen har følgjande figur, som illustrerer endringane i Eikedalen E3. Endringane har berre konsekvensar i Kvam herad:



Figur 3: Endring av påhogg i Eikedalen. Svart linje viser alternativ plassering av ny veglinje for fv. 49. Lokalveg, vist med mørk grå linje, kan leggest på bru over ny fylkesveg i staden for over portal som planlagt i opprinneleg løysing.

Vurderingar og konsekvensar:

Vestland fylkeskommune skildrar og svarar på Samnanger kommune sitt høyringsinnspel slik:

Samnanger kommune skal i samarbeid med Kvam herad bygge ut offentlig vatn- og avløpsnett på strekninga Eikedalen – Fossen Bratte tunell, og er i oppstarten av reguleringsplanarbeidet. I den samanheng vert det og regulert for gang- og sykkelveg i same trasé. Dei har god von om at denne er ferdig etablert før trafikkauken er ein realitet, fordi kommuneplanens arealdel har rekkjefølgjekrav om gang- og sykkelveg fram til nye-/utvida område for fritidsbustader nedover mot Fossen Bratte. Dei meiner dette kan løysast med utbyggingsavtalar. Detaljar kring arealbruken vil dei komme attende til ved ein ev. reguleringsplan for dette tunnelalternativet.

Kommunestyret har gjort følgjande vedtak i samband med kommunedelplan for fv. 49 forbi Tokagjelet:

- *Grunna auka belastning på vegen i Samnanger i forbindelse med tunnel gjennom Tåkagjelet, så ønskjer vi utbetring og trafikksikringstiltak som avbøtande tiltak.*
- *Samnanger kommune støttar ikkje alternativ med utløp på Jarland.*

Vurdering frå Vestland fylkeskommune

Det er usikkert kva tid andre utbetringstiltak langs denne vegen vil bli prioritert med offentlege midlar. Ut over tunneloppgradering ligg det ikkje føre planar om utbetringar på denne strekninga.


Samnanger næringsforum hadde følgjande uttale til planen under offentlig ettersyn:

Meiner at alternativ E3-B1 (Eikedalen – Kletten) bør veljast, og at dette alternativet er betre enn E1-B2 (Kleven – Nybø), som er vurdert som beste alternativ for kort tunnel under konklusjonen i planomtalen. Dei argumenterer med at E3-B1 vil vere til god nytte for gjennomgangstrafikken, samtidig som ein vil bevare friluftsområdet og hytteområdet ved Kleven. Tunnelen vert bygd i rett retning med ca. 3,2 % stigning, og ein unngår at det må leggest inn svingar for å tilfredsstille stigningskravet på 5%. Dei meiner elles at påhogg ved Nybø (B2) er det dårlegaste i Steinsdalen, og grunnjev dette med m.a. stigning på veg i dagen på ca. 7,7 % og problem med frostrøyk frå elv like ved som fører til glatt køyrebane. Samnanger Næringsforum meiner elles at Eikedalen er ein naturleg stad for påhogg for framtidig utbetring mot Samnanger, og at det er fleire dårlege parti på strekninga Eikedalen – Trengereid langs eksisterande fv.49. Dei viser elles til at det er aukande trafikk også på fv. 49 gjennom Samnanger, og at det er viktig at vegen vert utbetra og godt vedlikehalden, også vidare frå Eikedalen til Trengereid.


Vurdering frå Vestland fylkeskommune

Merknaden vert tatt til orientering.

På kommunedelplannivå er eit plankart veldig grovt, og dei fleste detaljar skal bestemast nærare gjennom ein reguleringsplan. Ny trasé for fv 49 inn mot det nye tunnelpåhoggget i Eikedalen er illustrert med raud linje i plankartet:



Den nye veglinja får konsekvensar i form av riving av ein til to fritidsbustader på nedsida av dagens veg. Framtidig reguleringsplan for prosjektet vil fastsetja endeleg veglinje, men det er lite truleg at desse fritidsbustadane vil bli ståande, sjå kartutsnitt:



Prosjektet er svært viktig for Kvam herad, og i si saksutgreiing omtaler administrasjonen dette som ei

av dei absolutt viktigaste sakene som skal handsamast i denne heradsstyreperioden. Vidare skildrar ein kor viktig planen er for Kvam:

«Kvammassamfunnet har i løpet av dei siste åra sett kor viktig det er med trygg og open veg i mellom Kvamskogen og store delar av kommunen. Når vegen i Tokagjelet er stengt og vegen til Bergen vert lengre for svært mange, stoppar mykje opp og næringslivet vert handlingslamma. Ein ny og framtidssretta kommunedelplan vil vera første steget mot ein tryggare veg igjennom Tokagjelet.»

Planskildringa s. 3 – 26 gjev ein grundig gjennomgang av vurderingane for tilråding av alternativ. Administrasjonen meiner at planen er godt gjennomarbeidd, og gjev eit grunnlag for vidare reguleringsplan for dette prosjektet. Alternativet Eikedalen E3 er vurdert til å vera det beste etter ei samfunnsøkonomisk vurdering.

Tilrådd alternativ E3 – B1 er kostnadsrekna til 1,9 – 3,1 mrd. Kr, med 25% usikkerheitsmargin. Vestland fylkeskommune vil arbeida vidare med finansieringsplan for prosjektet i dialog med Kvam herad og Samnanger kommune, som del av fylkeskommunen sitt arbeid med Regional transportplan 2022-2033. Samnanger er allereie invitert inn til eit første møte.

Administrasjonen rår til at kommunedelplan for Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet vert vedteken, alternativ Eikedalen E3 – Kletten B1.